



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Charlotte Hageberg	Arkivkode: FE-041
Arkivsaksnr: 18/787	Løpenr: 18/9227
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	13.12.2018	055/2018

Vurdering av barnevernsaker i Samnanger kommune

13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten bad Olaug Øystese (A) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Brigit Olav Gåsdal (A) fram følgende utsetningsframlegg:

- *Kommunestyret ber om meir utfyllande informasjon for å få betre grunnlag for å vurdere om saka skal opnast.*

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det røysta over utsetjingsframlegget til Brigit Olav Gåsdal, som vart vedteke med 12 mot 8 røyster.

For	Imot
Brigt Olav Gåsdal (A)	Knut Harald Frøland (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Lena Tveit (Bl)
Olaug Øystese (A)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Harald Boge (A)	Martin Haugen (Bl)
Nils Aadland (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Øyvind Strømmen (Mdg)	Øyvind Røen (Sp)
Kristian Jørgensen (Uavh)	Monica Tjønnå (Sp)
Jon Magne Bøgevik (Uavh)	Gunn Totland Moss (Krf)
Ingvild Raftevoll Bøgevik (Frp)	
Svein Verner Røseth (Frp)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	

KS- 055/2018 Vedtak:

Kommunestyret ber om meir utfyllande informasjon for å få betre grunnlag for å vurdere om saka skal opnast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert iverksatt ei ekstern gransking av dei tre barnevernsakene i Samnanger kommune som rådmannen har motteke bekymringsmelding om. Det skal i granskinga sjåast på om kommunen si handtering/framgangsmåte i sakene har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdiar. Ein skal sjå på prosessane fram mot vedtak/beslutningar og vurdere metodane som er brukt.

Det må så langt som mogleg konkluderast i kvar av dei tre sakene og seiast noko om det ligg føre nokon grunn til oppreising i sakene. Rapport frå granskinga må liggja føre innan utgangen av mai 2019. Kommunestyret skal få presentert resultatet av granskinga når rapporten ligg føre.

Rådmannen har ansvar for å førebu og gjennomføra konkurranse om granskingsoppdraget, og for å velja leverandør og inngå kontrakt med dei som skal gjennomføra oppdraget. Det er ein førestnad at dei som skal gjennomføra oppdraget, må ha nødvendig barnevernfagleg og juridisk kompetanse. Det vert løyvd 600.000 kroner til dette arbeidet, finansiert av disposisjonsfondet. Dersom det vert behov for ytterlegare midlar, må det leggast fram sak om dette i kommunestyret.

Kva saka gjeld:

I formannskapet 31.05.2018 gav rådmannen ei orientering om handtering av bekymringsmeldingar ho har motteke knytt til tre barnevernsaker i Samnanger kommune. Bekymringsmeldingane gjeld saker/prosessar som ligg nokre år tilbake i tid, før kommunen si barnevernteneste vart overført til Bergen/Arna. To av sakene har vore omtalt i media. Sakene har og heilt eller delvis tilknytning til «barnevernstriden» i Samnanger for nokre år sidan.

Formannskapet gjorde følgjande vedtak 31.05.2018:

"Formannskapet er i dag blitt orientert av administrasjonen vedr saker knyttet til barnevern.

Formannskapet tar administrasjonen si orientering til etterretning, og gir rådmannen fullmakt til bruk av eksterne ressursar til å undersøka sakene."

Rådmannen har hatt samtalar med dei personane som har kome med bekymringsmeldingane. Det har der kome fram at dei opplever at Samnanger kommune har gjort urett, at familiar opplever at dei har vorte stempla over generasjonar, og at dei meiner at born har vorte sterkt skadelidande som følgje av kommunen/barnevernet si handtering. Det har i samtalanane òg vorte sett fram ønske om gransking av sakene og oppreising for/til dei involverte.

Alle bekymringsmeldingane gjeld saker som har vore oppe i rettsapparatet (fylkesnemnd og ordinære domstolar). Avgjersler (dommar) i rettsapparatet vil neppe kunne vera gjenstand for gjennomgang/gransking. Slik rådmannen vurderer det, bør ein eventuell gjennomgang/gransking gå på å vurdere om kommunen si handtering/framgangsmåte har vore i samsvar med gjeldande reglar, normer og verdiar. Det kan som ein del av dette vurderast om det er gjort ting i prosessen som ikkje er forenleg med Samnanger kommune sine verdiar, knytt til mellom anna tillit og kvalitet.

På bakgrunn av formannskapet sitt vedtak har rådmannen vore i kontakt med ulike instansar, for å finna ut korleis ein eventuell gjennomgang kan gjerast, men ho har ikkje fått eintydige/klare råd.

Rådmannen har òg vore i kontakt med ekstern innkjøpsfagleg kompetanse (Odin Prosjekt AS), med tanke på utarbeiding av konkurransegrunnlag for val av leverandør for gjennomgang/gransking. Kostnad for utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføring av konkurranse er anslått til å liggja på 60.000 – 80.000 kroner.

Kostnaden for gjennomføring av sjølve gjennomgangen/granskinga vil vera avhenging av kva som konkret skal granskast samt kor omfattande granskinga skal vera. Det må uansett truleg påreknast ei

utgift på minst 500.000 kroner.

Vurderingar og konsekvensar:

Det vil ikkje vera aktuelt at kommunen sjølv står for gjennomgang/gransking av dei aktuelle barnevernsakene. Dersom det skal gjerast ein gjennomgang/gransking, må dette utførast av eksterne med nødvendig kompetanse og habilitet.

Advokatfirmaet Kyrre gjennomførte i 2013 ei gransking av barneverntenesta i Samnanger. Det vart der sett på ulike forhold knytt til barnevernet sitt arbeid, men ein gjekk ikkje «tungt» inn i enkeltsaker.

Sjølv om det ikkje er sikkert at ein gjennomgang/gransking vil ha stor nytteverdi, rår rådmannen likevel til at det vert gjort ein gjennomgang/gransking av dei sakene som bekymringsmeldingane gjeld.

Kopi av saksutgreiing til kommunestyret 13.12.2018